



Vedtak gjort av Ullenvang fjellstyre 16.9.2020:

### **UFS 35/20: Vedtak om samjakt og oppheving av fredingssoner ut jakta 2020**

Dei 4 fjellstyra Ullenvang, Røldal, Eidfjord og Øvre Numedal har gjort følgjande vedtak som vert gjeldande frå og med 17 september 2020 og ut jakta:

1. Alle som har utskrive jaktkort frå fjellstyret i ein av dei fire Statsallmenningane nemnd over kan nytte desse fritt på heile arealet til dei fire Statsallmenningane.
2. Alle som har kort på ein av dei fire Statsallmenningane nemnd over får fullmakt av det aktuelle fjellstyret til å overføre kortet/korta sine til andre med kort frå det same fjellstyret. Dette kan gjerast uavhengig av tidlegare inngåtte jaktlagsavtaler.
3. Alle fredningssoner opphevast ut jakta 2020.

Vedtaka er gjort med bakgrunn i den ekstraordinære situasjonen etter påvist CWD på Hardangervidda. Fjellstyra ynskjer med dette å bidra til auka felling i tida som står att av jakta. Med dette vedtaket opnar dei fire fjellstyra nesten 2000 kvadratkilometer for samanhengande jakt. Arealet strekker seg frå E134 i sør til Hardangerjøkulen i Nord og Nore og Uvdal i aust.

Informasjon til Statsallmenningsjegerar på Hardangervidda 2020:

Det er funne eitt dyr med skrantesjuke på Hardangervidda. Fjellstyra på Hardangervidda ynskjer å bidra til at det kan bli felt flest mogeleg dyr i tida som står att av jakta. Det er svært viktig å få inn flest mogeleg prøver med både lymfe- og hjerneprøve. Fjellstyra på Hardangervidda vil derfor gje ei godtgjering til den eller dei jegerane som måtte felle eit dyr med positiv prøve for Skrantesjuke under resten av ordinær eller utvida jakt på Hardangervidda 2020.

Fjellstyra på Hardangervidda betaler ut 5 000,- kr til jeger med Statsallmenningskort som feller dyr med positiv prøve.

Ordninga tek til å gjelde straks.